

Vedlegg 1:

**Dokumentasjon som kommunen skal sende til Fylkesmannen innan 24. mars 2014.**

Ei utgreiing om Lindås kommune sitt system for å sikre at kommunen etterlever krava som gjeld retten til særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Mellom anna:

- Eventuelle prosedyrar / retningsliner / rutinar for å ta i vare elevane sine rettar til særskild språkopplæring og dei sakshandsamingsreglane som gjeld på området.
- Korleis kommunen kontrollerer at reglane blir følgt.
- Kommunen sine rutinar for å handsame eventuelle lovbroter på området.
- Korleis kommunen sikrar at det blir informert om eleven og foreldra sine rettar i høve særskild språkopplæring.
- Korleis kommunen sikrar at alle elevar som kan ha rett til særskild språkopplæring blir kartlagt i tråd med opplæringslova § 2-8 fjerde ledd.
- Korleis kommunen sikrar at det vert fatta enkeltvedtak både for elevar som får særskild språkopplæring og for elevar som får avslag på søknad om særskild språkopplæring.
- Korleis kommunen sikrar at vedtaka eventuelt er fatta i tråd med regelverket og at dei er fatta i tråd med sakshandsamingsreglane i forvaltningslova.
- Organisasjonskart og delegasjonsreglement for kommunen.
- Ei oversikt over kor mange grunnskuleelevar som får særskild språkopplæring skuleåret 2013-2014.
- Tal på elevar som har, eventuelt har hatt, enkeltvedtak om særskild språkopplæring skuleåret 2013-2014.
- Tre anonymiserte saker frå kvar av skulane, Knarvik ungdomsskule og Ostereidet ungdomsskule, der særskild språkopplæring er innvilga for skuleåret 2013-2014. Ved kvar sak skal det følgje med kartlegging, eventuelt varsel om vedtak jf. forvaltningslova § 16, samtykke frå den/ dei føresette/ eleven sjølv dersom han er gammal nok og enkeltvedtak.
- Tre anonymiserte saker frå kvar av skulane, Knarvik ungdomsskule og Ostereidet ungdomsskule, med avslag på særskild språkopplæring for skuleåret 2013-2014. Ved kvar sak skal det følgje med kartlegging og enkeltvedtak.
- To anonymiserte vedtak som er påklaga, med klage og skulen/ kommunen si handsaming av klagen.

Eventuell anna dokumentasjon som gjev informasjon om kommunen sitt arbeid med saksfeltet. All dokumentasjon med sensitiv informasjon må anonymiserast.

**Vi ber om at det vert laga ei innholdsliste over alle innsendte dokument.**